

Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1479 - 21/21065

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
26.03.2021


Vedtak til klagevurdering - mellombels dispensasjon flytting av 2 hurtigladeestasjoner gbnr 188/116 Gjervik ytre

Tiltak: bygging av hurtigladestasjon
Byggjestad: Gbnr: 188/116
Tiltakshavar: Bkk Elektrifisering AS
Ansvarleg søkjar: Bkk Elektrifisering AS

Saka gjeld søknad om mellombels dispensasjon for flytting av 2 hurtigladeestasjoner for elbilar på gbnr 188/116 Gjervik ytre, Knarvik.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for «tunnel på fylkesveg 57, Knarvik – Isdalstø» Planid: 1263-201201 er definert som «vegforemål».



Området det er søkt om er bandlagt av Vegvesenet pga. nytt kryss til E39/RV57. Ladarane vil ikkje kome i konflikt med siktsoner. Ladarane vil koma i konflikt med byggegrenser. Det er vedlagt dispensasjonssøknad frå byggegrensa og for arealføremål veg.



Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå byggegrensa og frå arealføremål veg i reguleringsplanen.

Administrativ handsaming

Saka vart handsama av administrasjon den 25.03.21, der følgjande vedtak vart fatta:

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå byggegrensa og frå arealføremål veg for oppføring av 2 hurtigladestasjonar frå Kvernhusaugane i Knarvik til Kvernhusmyrane på gbnr 188/116 Gjervik ytre. Dispensasjon vert gjeve i periode på 5 år frå vedtakets dato.

Viss tiltaket i løpet av perioden kjem i konflikt med utbygging etter gjeldande reguleringsplan, må det fjernast.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Larissa Dahl på e-post larissa.dahl@alver.kommune.no.

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjever

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Mellombels dispensasjon for oppføring av 2 hurtigladerstasjonar for elbil - gbnr 188/116 Gjervik ytre
Søknad om midlertidig dispensasjon frå arealformål og byggegrense - GBNR 188/116 Gjervik ytre
Flytting av hurtigladar for elbil i Knarvik i forbindelse med anleggsperioden til «oval rundkjøring»,
Kvernhusmyrane
epost - Flytting av hurtigladar for elbil i Knarvik i forbindelse med anleggsperioden til oval rundkjøring,
Kvernhusmyrane

Kopi til:

Bkk Elektrifisering AS

Postboks 7050

5020

BERGEN

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland
Vestland fylkeskommune

Njøsavegen 2
Postboks 7900

6863

LEIKANGER

5020

BERGEN